

## **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 14.03.2019**

**Gunda Falao Sparre (LOP)** sette fram følgjande forslag (a):

«Opplæringsavdelinga vert invitert til å orientere om skulebruksplanen og aktivitørfaget.»

**Inger Sjong (FL H/FRP/V/MDG)** sette fram følgjande forslag:

«Skyss vert invitert til å orientere om korleis dei tenker om kommunikasjon over fylkesgrensene, og i nye Vestland fylkeskommune.»

**Odd Himle (SN-H)** sette fram følgjande forslag:

«Regionalavdelinga vert invitert til møtet 19. juni.»

**Gunda Falao Sparre (LOP)** sette fram følgjande forslag (b):

«Økonomiavdelinga vert invitert til møtet 19. juni, ettersom det er særleg aktuelt i samband med budsjettet for felles fylkeseldreråd.»

### **Røysting**

Falao Sparre (a) sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Sjong sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Himle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Falao Sparre (b) sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Opplæringsavdelinga og Skyss vert inviterte til møtet 11.04.19, og regionalavdelinga og økonomiavdelinga vert inviterte til møtet 19.06.19.